



Arkivnr: 2017/2682-120  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		06.09.2018

## Økonomi for fylkeseldrerådet for året 2019

### Samandrag

#### Økonomi:

- Status rekneskap fylkeseldrerådet budsjett 2018
- Budsjettprosessen i Hordaland fylkeskommune, kor langt er den kome?
- Budsjettinfo fylkeseldrerådet 2019. Kor langt er prosessen kome?
- Status fylkeseldrerådet sine søknader om ekstra midlar til å arrangere Vestlandskonferansen 2019
- Status søknad om midlar til samarbeid med Sogn og Fjordane om fylkeseldrerådet i det nye region Vestland

### Status rekneskap budsjett fylkeseldrerådet 2018 pr. 31.07.2018:

Budsjett 2018: kr. 420.000,-  
Forbruk: kr. 198.098,-  
Restsum: kr. 221.902,-

### Budsjettprosessen i Hordaland fylkeskommune og i fylkeseldrerådet 2019: Kor langt er den kome?

Det vil bli heldt ei orientering frå økonomiavdelinga på neste møte i fylkeseldrerådet den 27.09.2018 kl. 9.35.

### Status fylkeseldrerådet sine søknader om ekstra midlar til å arrangere Vestlandskonferansen 2019:

Søknad om ekstra midlar er sendt fylkesrådmannen den 27.06.2018. Fylkesrådmannen har motteke søknaden og har bede om at det vert presisert ein konkret sum som det er søkt om. Fylkeseldrerådet gjer framlegg om at det vert søkt om kr. 75.000,- i midlar til å arrangera Vestlandskonferansen 2019.

Vestlandskonferansen 2019 skal vera på Solstrand Hotell og Bad. Ein har motteke eit «foreløpig» kostnadsoverslag frå Solstrand Hotell og Bad på ca kr. 65.000,-. I tillegg kjem utgifter til pausemat, underhaldning, innleiarar m.m. Denne summen vert fordelt mellom dei tre fylka i forhold til tal deltakarar. Dette må handsamast og vedtakast i dei to andre fylka, Rogaland og Sogn og Fjordane. Det vert difor gjort framlegg om å søke om kr. 75.000,- i ekstra midlar til å arrangere Vestlandskonferansen 2019.

**Status søknad om midlar til samarbeid med Sogn og Fjordane om fylkeseldrerådet i den nye region Vestland.**

Søknad om ekstra midlar til samarbeid med Sogn og Fjordane om fylkeseldrerådet i den nye region Vestland er sendt fylkesrådmannen den 27.06.2018.

**Økonomi:** Har stor effekt på fylkeseldrerådet sin aktivitet. Midlar for møteverksemda vert innarbeid i budsjett for 2019.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

**Forslag til vedtak**

Det vert søkt om kr. 75.000,- i midlar til å arrangere Vestlandskonferansen 2019.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*